

■ **OSLO:** Regjeringen har vedtatt et nytt regelverk for å hindre nye utbrudd av legionella som i 2005 tok livet av ti personer i Østfold. Under legionellautbruddet i Østfold i juni 2005 ble det avdekket at mange virksomheter hadde for dårlige rutiner for kontroll og vedlikehold og liten kunnskap om smitekilder. (NTB)

Seniorpolitikk i Høyre

OSLO: Høyre vil ha skattefradrag for dem mellom 62 og 67 år og ingen avkorting i pensjonen for dem over 67 år dersom de velger å fortsette i arbeid, slik som Inge Lønning, bildet. Fredag lanserte partiet fire forslag for å beholde seniorenene i arbeidslivet. Blant annet direkte skattefradrag på 6.000 kroner. (NTB)



Domprost vekker strid

OSLO: Kirkens Ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep reagerer kraftig på at en eks-domprost som har vært anklaget for å ha misbrukt sin sjelesørgerrolle, har fått en toppjobb i Kirkedepartementet. – Vi er bekymret, skriver Kirkens Ressurssenter. (NTB)

HETT I KLIMAPOLITIKKEN

Ein bit av fredsprisen går til



VIKTIG NORSK BIDRAG: Forskar og Bjerknes-direktør Eystein Jansen var ein av fem norske hovudforfattarar som medverka til første delrapport frå FN sitt klimapanel. Danmark og Finland var her representert med ein forskar kvar, Sverige hadde ingen. (Foto: Kristian Jacobsen)

■ Norge har vore godt representert i FNs klimapanel

Fredsprisutdelinga gir eit ekstra trykk på politikkane som forhandlar om ny klimaavtale på Bali, meiner Bjerknes-direktør Eystein Jansen. Norske klimaforskarar har spelt ei viktig rolle for FNs klimapanel.

Turid Furdal tekst

MILJØARBEID FOR FRED: Nobels fredspris blir måndag overrekt til tidlegare visepresident i USA, Al Gore, og FN sitt klimapanel

(IPCC) ved leiar Rajendra K. Pachauri i Oslo Rådhus.

– Norge er svært godt representert i klimapanelet i forhold til kor lite landet er, meiner seniorforskar Cecilie Mauritzen ved Meteorologisk institutt.

Ho er ein av fem norske forskarar som er blant hovudforfattarne av delrapport ein frå FN sitt klimapanel som kom i februar i år. Til samanlikning hadde land som Finland og Danmark her ein representant kvar og Sverige ingen. Ei rekkje andre norske forskarar har i tillegg kome med faglege bidrag til rapporten.

POLITIKARANE MÅ HANDLA: – Fredsprisutdelinga er viktig i

forhold til dei pågåande klimaforhandlingane på Bali, meiner forskar og Bjerknes-direktør Eystein Jansen. Han er ein av dei mest sentrale norske klimaforskarane i arbeidet med årets rapport, som hovudansvarleg for eit kapittel om fortidsklima.

– Fredsprisen gir eit ekstra fokus og trykk på politikkane i forhold til å gjera noko som monnar, seier Jansen til Aftenbladet. Han står på lista over 200 klimaforskarar frå heile verda som torsdag bad politikkane som forhandlar på Bali om å gå inn for tøffe kutt i utsleppa.

Dei mest sentrale norske klimaforskarane som har delteke i klimapanelet sitt arbeid, er in-

viterte til fredsprisutdelinga, i tillegg til delegasjonen frå IPCC med eit utval av forskarar frå andre land.

STOLT OVER Å FÅ PRISEN: Cecilie Mauritzen vedgår at ho kjenner eit eigarskap til fredsprisen.

– Det har vore meningsfylt å bidra til noko som er viktig for verda si framtid. Samtidig har eg fått sett mitt fagfelt inn i ein større samanheng, seier oseanografen til Aftenbladet.

I klimapanelet har Mauritzen vurdert korleis resultatata av klimaforskinga har utvikla seg etter kvart som forskarane har fått større forståing for klimasystemet.

– Det store poenget – at temperatur og klimagassar heng saman – er eit over 100 år gammalt resultat. All seinare forskning og observasjonar har gått same veg. Samtidig er det deler av klimasystemet og utviklinga som me enno ikkje klarer å forstå godt nok, som til dømes isen i Arktis si rolle for klimautviklinga, seier Mauritzen.

Ho legg til at observasjonar i ettertid har vist at utviklinga av det globale klimaet har gått same veg som IPCC har varsla i tidlare rapportar.

NYE, BETRE UTSLEPPSTAL: Klimapanelet får fredsprisen for det totale arbeidet sitt gjennom to tiår.

Feirer fredspris

OSLO: Sjuendeklassingene Rukiya Hussein og Stian Stemkens, bildet, skal følge de to fredsprisvinnerne opp den grønne løperen når de mandag arrangerer fredsprisfest med 4000 barn. Evelina Bohjort skal være konferansier. – Vi har valgt en grønn løper som symbol for miljøet, sier de to som kommer fra henholdsvis Tøyen og Sagene skole i Oslo. (NTB)



Vil fjerne klasebomber

OSLO: – På sikt må klaseammunisjonen destrueres, mener Sosialistisk Venstrepartis forsvarspolitiske talsmann Bjørn Jacobsen, bildet. Han mener spørsmålet er blitt ekstra aktuelt etter en rapport fra Norsk Folkehjelp om at klaseammunisjonen til norsk forsvar har ti prosent feil. (NTB)



De norske forskarar

Al og Tipper er på plass

NTB og Turid Furdal tekst

PRIVAT PROGRAM:

– Me er stolte og takknemlege, sa fredsprisvinnar Al Gore og kona Tipper etter å ha landa med rute-fly på Gardermoen klokka 9.38 i går. Dei tok vidare flytoget inn til Oslo, der dei har program av privat karakter fram til søndag.



FREDSPRIS-VINNAR: Al Gore på Gardermoen fredag.

Al Gore som vant årets Nobels fredspris saman med FN sitt klimapanel, skal vera i Oslo fram til onsdag. Fredsprisen blir delt ut i Oslo rådhus måndag.

Den tidlegare amerikanske visepresidenten Al Gore blir heidra for sitt sterke engasjement i klimakampen. Filmen An inconvenient truth har tidlegare gitt Gore to Oscar-prisar. Gore har også gitt ut ei bok ved same namn og har halde eit utall klima-føredrag verda rundt.

Al Gore sa i går at det er ein klar samanheng mellom klimakampen og arbeidet for fred, melder NTB. Blant anna peika han på at me får stadig fleire klimaflyktningar og at kampen om ressursar som vatn er ein klar fredstrussel.

Onsdag reiser Gore vidare til Frankfurt og deretter til klimatoppmøtet på Bali. Gore sa han beundrar Norge for å ha gått i front i klimakampen, og meiner også å sjå ein positiv utvikling i sitt eige heimland.

– USA burde naturleg nok ta eit leiaransvar i kampen mot klimaendringane. Me er mange som arbeider for det. Men me ser mange positive signal nå, blant anna at fleire statar og deler av næringslivet set mål for reduksjon av CO₂-utslepp, sa Gore før han hasta mot flytoget.

■ **CO₂-HANDTERING:** Også StatoilHydro kan ta ein flik av Nobel-æra. Statoil medverka nemleg på ein spesialrapport frå IPCC om CO₂-handtering, som kom i 2005, ifølgje SFT.

NORDMENN SOM VAR MED PÅ ÅRETS STORE, NYE KLIMARAPPORT

EYSTEIN JANSEN:

■ **FORTIDSKLIMA:** Professor og direktør ved Bjerknessenteret for klimaforskning i Bergen. Ekspert på fortidsklima.

■ **HOVUDFORFATTAR** for eit kapittel i IPCC sin første delrapport om den vitenskaplege forståinga av klimaendringane, og ein av forhandlarane i policydokumentet for FN.

CHRISTOPH HEINZE:

■ **HAV OG KLIMA:** Professor ved Bjerknessenteret. Han har særleg sett på tilbakekoplingsprosesser mellom den marine karbonsyklusen og klimaendringar, og havets opptak av CO₂ og forsuringa av havet.

■ **MEDFORFATTAR** på eit kapittel i 1. delrapport.

CECILIE MAURITZEN:

■ **HAVET SI ROLLE:** Seniorforskar i klimadivisjonen ved Meteorologisk institutt. Ser på havet si rolle i klimasystemet.

■ **MEDFORFATTAR** på første delrapport.

GUNNAR MYHRE:

■ **UTSLEPPSKUTT OG KLIMA:** Doktorgrad i meteorologi. Forskar ved Cicero senter for klimaforskning i Oslo. Jobbar med kva effektar utsleppsreduksjonar vil få for klimasystemet, og kva sot og andre partiklar har å seia for den globale oppvarminga.

■ **MEDFORFATTAR** på første delrapport.

TERJE BERNTSEN:

■ **ATMOSFÆRE-KJEMI OG KLIMA:** Doktorgrad i meteorologi, forskar ved Cicero/ Universitetet i Oslo. Har mellom anna arbeidd med korleis klimagassar oppfører seg i atmosfæren, og effekten sotpartiklar har på den globale oppvarminga.

■ **MEDFORFATTAR** på første delrapport. Har også vore med og laga samandrag av denne.

KAREN O'BRIEN:

■ **KONSEKVENSNAR:** Professor i samfunnsgeografi ved Universitetet i Oslo. Har jobba med konsekvensar av klimaendringane, sårbarhet og klimatilpassing. Har også sett på kva klimaendringar betyr for samfunn.

■ **MEDFORFATTAR** på andre delrapport.

KNUT ALFSEN:

■ **TILTAKSKOSTNADER:** Doktorgrad i fysikk og økonomi. Forskingssjef ved Statistisk sentralbyrå, forskingsdirektør på Cicero frå nyttår. Har jobba mykje med kostnader knytte til tiltak for å redusere klimagassutsleppa.

■ **MEDFORFATTAR** av tredje delrapport, om langsiktige utsleppscenarier.



I tillegg til bidraga til årets hovudrapport, har norske forskarar medverka til IPCC-rapportar på spesielle område, seier seniorrådgjevar Øyvind Christophersen i Statens forureiningstilsyn. SFT koordinerer den norske innsatsen overfor klimapanelet.

– Cicero-forskar Kristin Rypdal er ein av hovudforfattarane bak ein sentral rapport frå 2006, om korleis ein skal berekna landa sine klimagassutslepp. Dei nye retningslinjene vil sannsynlegvis gjelda frå 2013 – etter Kyoto-perioden, og er betre og grundigare enn dagens berekningar, seier Christophersen.

turid.furdal@aftenbladet.no

Flotte dundyner og puter

Godt utvalg i GANT puter og sengetøy

GANT morgenkåpe til han og henne

Design lamper fra Louis Poulsen

Julegavetips!

DUXIANA inviterer til hyggelig julehandel - drømmegaven finner du her!

DUXIANA®
ADVANCED TECHNOLOGY IN SLEEPING
Spesialbutikken for DUX i Stavanger
Hospitalgaten 6, Stavanger Tel: 51 89 10 70
Man-Ons 10-18, Tor 10-19, Fre-Lø 10-16
www.duxiana.no